



## Høle kyrkjelyd DEN NORSKE KYRKJA

Amboltvn. 2, 4311 Hommersåk

### Høyring om justering av hovudgudstenesta og alminnelege vilkår.

1a:

Gudstenestereforma har gjort at mange har kjent seg fremmande i Den norske kyrkja, både lokalt og nasjonalt. Stor variasjon i liturgiske ledd har gjort at sjølv folk som har lang fartstid i kyrkjebankane, har kjend seg fremmande. For for deltakarar som meir sporadisk kjem til gudsteneste, har nok denne kjensla av å vera fremmand i kyrkja vore endå sterkare.

1b:

Evangelieteksta har blitt framheva på ein fin måte med eit Halleluja» før og etter lesinga. I vår kyrkjelyd har vi valt «Gud vere lova» frå 1977 liturgien og det fungerer veldig fint. Dette er av dei beste nyvinningane ved reformliturgien.

Det har vore positivt at kyrkjelyden ikkje må reisa seg ved anna enn lesinga av dagens evangelietekst.

1c:

I Høle kyrkjelyd opplever soknerådet at involvering i gudstenesta er det som har mest å seia for auka fram møte. Når lokale grupper som kor, speidar og andre deltek aktivt i gudstenesta, ser me at fram møtet aukar. Derfor meiner me at aktivisering av fleire grupper i gudstenesta bør ha stor merksemd i gudstenestearbeidet framover.

1d:

I Høle kyrkjelyd har me hatt god erfaring med gudstenester med bønnevandring. Slike element kan vera ein fin variant i gudstenesta frå tid til anna.

2:

Høle sokneråd har ingen kommentarar til dette punktet.

3e:

Samlingsbøna er eit fint og godt ledd i liturgien. Obligatoriske ledd er positive til å minka fremmandgjeringa i gudstenesta. Likevel går me for at dette leddet bør vera valfritt med merknad om at det er tilrådd å vera med i starten av gudstenesta.

3f:

Matteus 22, 37-39 bør ikkje fjernast. Det bør vera valfritt om denne teksten kan vera med. Utan om dette, går me for endringsforslaget.

3g: Bønerop kyrie

Det bør vera eit hovudmål for ordbruk i gudstenesta, at dei fleste i kyrkja forstår kva som blir sagt, både i liturgi og tale. Bønropepet bør derfor vera på norsk. Bruk av gresk her og andre stader, er etter vår klare meining eit hinder i lett forståing av innhaldet.

Høle kyrkjelyd har derfor i fleire år brukt følgande tekst, som fast kyrieledd i gudstenesta.

- Herre Gud, kom hjelp oss.
- Krist vår bror, kom hjelp oss.
- Heilag Ande, hjelp oss
- Herre Gud, kom hjelp oss.

Dette teksten fungerer veldig fint. Høle sokneråd kan derfor tilrå denne som alternativ. Teksten laga vår tidlegare kyrkjemusikar til melodien "Kyrie frå Ghana".

3i:  
Dagens bøn bør bli obligatorisk.

3j:  
Sjå punkt 3g.

4:  
Om 4c: Hallelujaleddet bør bli eit fast ledd.  
Om 4g: Kunngjeringa bør vera fast mot slutten av gudstenesta.

5a:  
I Høle kyrkjelyd er to tridelar halvkontinuerleg altergang. Resten er nattverd ved dyping. Ståande nattverd med særkalk har me ikkje brukt.

5b:  
Ordet «kropp» bør brukast i staden for «lekam». Ordet «beger» bør brukast i staden for «kalk». Det er fordi dei foreslåtte orda er mest brukt av dei fleste gudstenestedeltakarane.

5c:  
Takkofferet bør vera plassert slik det er nå. Høle sokneråd synes det ikkje kjennes rett å ha dette som ein del av nattverdslitugien.

5e:  
Det er ikkje nødvendig å ha med formuleringa «fred vere med dykk» og når kyrkjelyden har sett seg etter nattverden når det har vore halvkontinuerleg eller vanleg altergang. Det bør vera tilstrekkeleg at det er blitt sagt etter kvart knefall.

I liturgiteksten ved førebuinga til nattverden, blir det sagt at brødet brytes. Her meiner me det er viktig at brødet, oblaten faktisk brytes, ikkje bare løftes opp. Det er jo sjølv sagt at å løfta eit brød ikkje er det same som å bryta det.

6:  
Ingen kommentar.

7:  
Når det gjeld sjølve utsendingsorda, meiner me at dei einaste utsendingsorda skal vera «Gå i

Høle 05.04.18

  
Wenche Skjørestad

Daglig leder Høle sokn